

INTENSJONSAVTALE LOKALE- OG ANLÆGSFONDEN OG VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Nyskapande aktivitetsarenaer

1. Innleiing

Dette er ein intensjonsavtale for samarbeid mellom Lokale- og anlægssfonden (LOA) og Vestland fylkeskommune (VLFK) for perioden 20. september 2019 til 31. april 2020. I perioden skal det bli utarbeidd ein projektplan som skal vere eit grunnlag for ein endeleg samarbeidsavtale for perioden 2020 – 2022.

LOA ein sjøveigande institusjon, kompetanseformidlar og utviklingsfond i Kulturministeriet i Danmark sin regi. LOA vart etablert i 1994. Dei utviklar og rådgir byggeprosjekt og fysiske anlegg innan idretts-, friluftsliv- og kulturlivet. Dei er «*sat i verden for skabe fremtidens mødesteder, der er tilgængelige, giver mening og sætter spor*».

Vestland fylkeskommune (VLFK) ønskjer at det vert lagt til rette for fleire nyskapande og innovative aktivitetsanlegg. Dette er forankra i *Anleggspolitik og kriterier for tildeling av spelemidler til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020-2024 (tiltak 16)*.

Utgangspunktet skal vere lokalmiljøet sine behov innan idrett, kultur og fritid, - basert på eit breitt kunnskapsgrunnlag og bærekraftige løysingar. I prosessen må det vere eit breitt lokalt engasjement frå ulike brukargrupper (frå frivillig og offentlig sektor). På denne måten kan det skapast attraktive møteplassar i lokalsamfunnet som er nyskapande i funksjon, organisering og aktivitetar, med ein arkitektur av høg standard. Kontakt mellom ulike aktivitetar kan gi eit mangfold av val av aktivitetsform. Såleis vil ein kunne utbetre eksisterande tilbod, dekke uoppfylte behov og skape adferdsending i befolkninga.

2. Mål og innsatsområder

VLFK vil saman med LOA og andre aktørar tilrettelegge for tiltak som kan stimulere til utvikling og bygging av nyskapande aktivitetsarenaer i kommunane. Verdier, kunnskap (FoU) og form er tre grunnpilarar i arbeidet. Utvalde prosjekt innafor innsatsområda vil få støtte til å gjennomføre gode medverknadsprosessar og til anleggsbygginga. Prosessen skal vere verdiskapande i seg sjølv og prosjekta skal fungere som endringsagentar både når det gjeld bygging og bruk av areala.

Målet er å få fram anlegg av utviklande karakter med høg funksjonell kvalitet og ei utforming som kan inspirere den framtidige utviklinga av aktivitetsanlegg for idrett, kultur og fritid lokalt, regionalt og nasjonalt. Vellukka prosjekt skal inkluderast i www.godeidrettsanlegg.no.

Det er to aktuelle innsatsområder:

- a. Innovative anlegg på tvers av sektorar
- b. Attraktive, heilskaplege skuleområde

3. Varigheit

Intensjonsavtalen gjeld frå 20. september 2019 til 31. april 2020.

I løpet av denne perioden skal prosjektet forankrast hjå Kulturdepartementet og andre relevante samarbeidsaktørar i kultur- og idrettslivet, FoU miljø og private aktørar.

Som ein del av dette skal mål, innsatsområda og tiltak skildra i prosjektplanen tydeleggjerast. I tillegg skal det vere gjennomført ei utlysning og vere avgjort deltaking frå utvalde prosjekt.

Innan 31. april 2020 skal det ev. vere avklart om VLFK og LOA skal inngå ein samarbeidsavtale som gjeld fram til 31. desember 2022.

4. Organisering

VLFK er prosjekteigar, og ein prosjektleiar har ansvar for å koordinere dei ulike delprosjekta. Anleggsrådgjevar med ansvar for dei einskilde kommunane føl prosessane tett for kompetansebygging/overføring. Tilsette i LOA bidreg med spisskompetanse ut frå behova i dei ulike prosjekta.

Det vert etablert ei styringsgruppe med representantar frå VLFK, Kulturdepartementet, NIF/idrettskretsen, kulturaktørar, LOA og ev. private aktørar som er med å finansiere prosjektet. Styringsgruppa møtes to til fire gonger i året. VLFK fungerer som sekretær for styringsgruppa. Styringsgruppa godkjenner utlysningar og har det overordna ansvar for økonomi og resultat. VLFK tek i mot søknadar og tek fyrste behandling av søknadene.

Representantar frå ulike fagmiljø vert invitert til å delta i ei ressursgruppe som kan bidra i dei ulike prosjekta, t.d. Tverga, NTNU/SIAT og Idrettscampus Bergen. Dette gjeld m.a. behandling av søknadar, rettleiing og FoU.

Det vert etablert ei arbeidsgruppe for kvart delprosjekt. Arbeidsgruppa skal vere breitt samansett av lokale aktørar, i tillegg til representant frå VLFK og LOA. Ressursgruppe vert kopla på ved behov. Kvant prosjekt skal ha lokal tyding og ha nasjonal relevans, og vere berekraftig både sosialt, miljømessig og økonomisk.

5. Økonomi

Samarbeidet vert finansiert gjennom midlar frå fylkeskommunen, Kulturdepartementet og private aktørar. LOA fakturerer VLFK for dei faktiske kostnadane ved å bruke deira kompetanse i perioden for intensjonsavtalen. I den endelege samarbeidsavtalen vert det avtalt ei fast ramme, slik at LOA kan budsjettere med ein kompensasjon for den tid LOA avset til samarbeidet.

Tilskot til anlegg kan få støtte gjennom spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, Kulturdepartementet si tilskotsordning for nyskapande aktivitetsarenaer (gjeldande ut 2021), spelemidlar til kulturbygg, private tilskotsordningar og investeringstilskot frå prosjektet nyskapande aktivitetsarena.

6. Oppseiing

Ved vesentleg misleghald kan begge partar skriftleg seie opp avtalen med umiddelbar verknad. Før avtalen vert heva, skal det verte gjennomført drøftingsmøte.

BERGEN 20.09.19
Stad/dato
Per Morten Ekerhovd
Per Morten Ekerhovd
Vestland fylkeskommune

København 24.09.2019
Stad/dato
Esben Danielsen
Esben Danielsen
Lokale- og anlægssonden